

## Tove Mette Arnø Fyllingen

---

**Emne:** VS: Spørsmål knytt til nytt vassbehandlingsanlegg på Hestdal

---

**Fra:** Nils Marton Aadland <[nils.marton.aadland@alver.kommune.no](mailto:nils.marton.aadland@alver.kommune.no)>

**Sendt:** tysdag 13. desember 2022 13:46

**Til:** Sara Sekkingstad <[sara.sekkingstad@alver.kommune.no](mailto:sara.sekkingstad@alver.kommune.no)>

**Emne:** Spørsmål knytt til nytt vassbehandlingsanlegg på Hestdal

Spørsmål knytt til nytt vassbehandlingsanlegg på Hestdal

Det nye vassbehandlingsanlegget på Hestdal, med ein kostnad på om lag 90 mill. kroner, blei nyleg ferdigstilt. Prosjektet er godt kjent for kommunestyret, ikkje minst grunna den store kostnadsauken i byggjefasen.

Eg har blitt informert om at det er store utfordringar med anlegget, ikkje minst knytt til avlauspumpepestasjonen.

Etter det eg kjenner til har anlegget vore stengt i to veker, og etter det eg får opplyst er det trong for ei ny stor investering dersom dette anlegget skal fungere.

Eg vil med bakgrunn i dette be om ei orientering om status for drift av dette anlegget/ avlauspumpepestasjonen, og om kommunestyret vil måtte rekna med å løyve ytterlegare midlar til dette prosjektet for at anlegget skal fungere etter intensjonen.

Nils Marton Aadland (H)